



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Kommunestyret		

Årsmelding 2024 - Vinje kontrollutval

Vedlegg

Vedlegg

- 1 Årsmelding 2024 Vinje kontrollutval.pdf

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal informere kommunestyret om sitt arbeid, jfr. KommuneLOVA § 23- 5. Rapportering frå kontrollutvalet til kommunestyret skjer løypande gjennom året ved at saker og rapportar vert send over til kommunestyret for vidare handsaming.

I tillegg utarbeider kontrollutvalet kvart år ei årsmelding som vert send over til kommunestyret til orientering. Årsmeldinga skal saman med møte- og arbeidsplanen for same periode gje kommunestyret ein moglegheit til å følgje med på om dei vedtekne planar, oppgåver og målsettingar blir følgt opp.

Kontrollutvalet er kommunestyret sitt verktøy innan kontroll av kommunen si verksemd. Kontrollutvalet utfører oppgåver med heimel i kommunelova og på oppdrag frå kommunestyret. I tillegg kan kontrollutvalet sjølv vurdere om dei ynskjer å handsame andre saker.

Vurdering

Vinje kontrollutval handsama årsmeldinga i sak 1/25 i møte 05.03.2025.

Der gjorde dei følgjande vedtak

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for kontrollutvalet for 2024 slik den ligg føre.

Årsmeldinga vert send kommunestyret.

Kommunedirektør sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret tek den framlagde årsmeldinga for 2024 frå Vinje kontrollutval til vitande.